

- Ein pest og ein plage kvart år!

21.07.2008



Det er ikkje akkurat nystrigla rundt grusbana i år heller.... (Foto: Ola Matti Mathisen)

**- Dette er ein pest og ein plage kvart år!
Det seier ein nabo om tilstanden på og rundt grusbana sentralt i Uskedalen.**



Området rundt grusbana utgjør ein brunsvidd kontrast til alt det grønne. (Foto: Ola Matti Mathisen)

. Ingen har vore ein runde med ljå eller anna reiskap så langt i denne sommarsesongen og området har difor ein utsjånad som mange har irritert seg over. Vegetasjonen er brunsvidd og stygg heile vegen rundt.

Uskedalen.no har så langt fått tre klager, vesentleg frå naboar som legg vekt på å halda eigedomane sine strigla og fine.

I fjor vart det gjort ein innsats på friviljug basis frå naboald, men slik kan det ikkje vera kvart år, blir det sagt.

Dei som har ansvaret må organisera dette på ein annan måte og syta for at det blir gjort minst ei onn også rundt bana kvar sommar, legg dei til.

Klagarane er ikkje i tvil om kven det er som har ansvaret.

Det er idrettslaget.

Kva seier leiinga der?

Av Ola Matti Mathisen